



Hugs flagging på fredsdagen

I morgon, fredag 8.mai er det 70 år sidan 2.verdskrigen var slutt. Endeleg kom freden! Dette vert markert rundt i Kvinnherad. Også her i Uskedalen er det fredsarrangement. I anledning fredsdagen vert alle oppmoda om å flagge. Lat oss på denne måten visa kor stor pris vi set på innsatsen våre forfedre gjorde under krigen, og at vi lever i eit fredeleg land.

Arrangementet her i bygda finn stad på Stemneplassen, og det startar kl.17. Det vert minnetale ved Bjørgulv Eik, musikk av musikklaget og Lars Børge Sæberg, Einar Gjertsen og Trond Ramsøy vil dela ny kunnskap frå krigsåra med dei frammøtte.

Første del av markeringa vil føregå ute ved minnesteinen før ein held fram inne i lokalet under scenen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen.